

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: \*  
Tal uprenta vedlegg: \*

## Reiselivsstrategi for Vestlandet

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

- Vestlandsrådet ber om at det vert utarbeidd ein kortfatta overordna reiselivsstrategi for Vestlandet med utgangspunkt i dei samla utfordringane ein har og med grunnlag i Regjeringas tre hovudmål for eigen reiselivstrategi.
- AU vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat. I den grad det er trong for ekstern hjelp, avgjer AU eventuell behov for finansiering.
- Framlegg til reiselivsstrategi for Vestlandet vert lagt fram for Vestlandsrådet i løpet av ultimo 2012.

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Prenta vedlegg:  
Notat frå Fjord Norge AS

Uprenta vedlegg:

## Saksframstilling

### **Bakgrunn og bestilling**

Vestlandsrådet vedtok 14.juni 2011 å be fylkesrådmannen utarbeide eit notat der ein presenterer politiske utfordringar og gjer framlegg til vegval for styring av reiselivssatsinga på Vestlandet. På grunnlag av dette bad fylkesrådmannen Fjord Noreg AS, som reiselivsselskap for dei fire fylkeskommunane, om å utarbeide eit notat dei ein vurderte følgjande faktorar:

- Vi ønskjer at Fjord Noreg AS presenterer ei kort og oversiktleg analyse av utfordringar og løysingar på kort og lang sikt, gjerne i form av ein enkel SWOT analyse.
- Vi vil òg gjerne at ein reflekterer over Fjord Noreg AS si eiga rolle i forhold til den analysen ein presenterer.
- I tillegg ønskjer vi å registrere kva forventingar Fjord Norge AS har til sine eigarar representert ved dei fire fylkeskommunane når det gjeld dei utfordringar ein skisserer.

Vi har nå fått eit notat frå Fjord Noreg AS som tek føre dei mest sentrale utfordringane reiselivsnæringa på Vestlandet står overfor i dag. I oversendingsbrevet frå Fjord Norge AS vert det presisert at dei oppfatta notatet som eit bidrag til å danne eit av fleire utgangspunkt for ein mogeleg felles reiselivsstrategi for Vestlandet. Fjord Noreg AS gjer vidare merksam på at dei ikkje har teke sikte på ei opplisting av moglege utfordringar, og at dei ser notatet som ledd i ein lengre prosess.

Fjord Norge AS argumenterer i notatet med at det er trong for ein eigen reiselivsstrategi og peiker på følgjande utfordringar som dei viktigaste for ein slik strategi:

- ✓ *“Reiselivsnæringen i distriktene sliter med lønnsombet grunnet for kort sesong og for få inntektsmåner å dele de faste kostnadene på. Kort sesong, liten anseelse og lave lønninger knyttet til næringen, tiltrekker seg en type arbeidskraft som ikke bidrar nok til å styrke lokalsamfunnet på sikt, spesielt med tanke på økt bosetning. Vi trenger større fokus på å utvikle belårsturisme der det er potensiale for dette, samt å utvikle metoder for å vite hvilke typer tilreisende (kunde grupper) som sikrer den beste verdiskapningen til det lokale næringslivet og lokalsamfunnet forøvrig.*
- ✓ *Lav lønnsombet hindrer reiselivsbedrifter i distriktene i å få tilgang på kompetanse som kan sikre innovasjon og utvikling. Derfor er det viktig å skape fyrårns-bedrifter som kan være ledestjerner og tiltrekke seg dyktige ansatte og lønnsomme kunder.*
- ✓ *Svekket lønnsombet i distriktene forsterkes av at reiselivet i byene stadig vokser, mens distriktene mister markedsandeler. Løsningen ligger i å velge ut de områdene i distriktene som har størst tiltrekningskraft, styrke aktivitetstilbudet som tilbys, øke sesongen og tilkomsten, og prioritere markedsføringen av disse områdene.*
- ✓ *Reiselivet er avhengig av gode tilkomstruter til regionen, samt en infrastruktur gjennom veinettet og offentlig transport som sikrer at tilreisende enkelt kan komme til Vestlandet og reise rundt på Vestlandet. Derfor må reiselivet være en naturlig del av fylkeskommunenes planarbeid innen samferdsel for å sikre kompetanseoverføring og synergier mellom lokale/regionale behov og reiselivets behov.*

- ✓ *Reiselivsorganiseringen i Fjord Norge-regionen må samkjøres slik at oppgaver innen vertskap, produktutvikling, markedsføring og distribusjon blir utført så kostnadseffektivt som mulig, slik at kompetanse, synergier og målrettede operative tiltak strykes.*
- ✓ *De tilreisende til Vestlandet kjenner ingen fylkesgrenser når de besøker våre vakre fjorder og opplever vårt unike kulturlandskap. Landsdelen trenger derfor et felles perspektiv på hvordan Fjord Norge som reisemål skal ivaretas, styrkes og utvikles de neste årene.”*

Dei ulike utfordringane med framlegg til tiltak er nærare skildra i notatet frå Fjord Norge AS. Notat er lagt ved som prenta vedlegg.

### Vurdering

Fylkesrådmannen ser dei utfordringar og framlegg til tiltak som Fjord Norge AS skildrar i sitt notat som særst interessante og verdifulle. Problemstillingar knytt til tilhøve mellom by og distrikt der byane veks og lønsemda i distrikta synes å falle, utfordringar med å få rett kompetanse for å styrke reiselivsnæringa i lokalsamfunna, verdien av beste mogeleg infrastruktur, betre organisering og meir effektivitet, er alle sider som blir presenterte klart og enkelt. Notatet analyserer desse grundig og presenterer oss for relevante løysingar. Notatet er eit godt utgangspunkt for ein samla reiselivsstrategi og vi vil følgje arbeidet vidare.

Nasjonalt har Regjeringa vedteke ein eigen reiselivsstrategi. Det vil derfor vere naturleg å knytte eit arbeid med reiselivsstrategi på Vestlandet opp mot Regjeringa sin overordna strategi for reiselivet og som Vestlandsrådet som politisk organ kan påverke framfor å utarbeide ein meir handlingsretta strategi som femner om heile reiselivet på Vestlandet. Regjeringa sin visjon vert omtalt som *Verdifulle opplevingar* og hovudmåla er desse:

*Auka verdiskaping og produktivitet i reiselivsnæringa  
Leverdyktige distrikt gjennom fleire heilårs arbeidsplassar innanfor reiselivsnæringa  
Noreg – eit berekraftig reisemål.*

Det betyr at ein slik reiselivsstrategi vil ha særleg merksemd omkring den nasjonale reiselivspolitikken og korleis staten som sentral aktør kan spele ei rolle for reiselivsnæringa på Vestlandet. Langt på veg er jo utfordringa i reiselivsnæringa synonymt med utfordringa i den nasjonale reiselivspolitikken. Fylkesrådmannen ser eit sterkt samspel innanfor reiselivsnæringa og mellom styresmakter og næringa som avgjerande for å få eit best mogeleg løft for reiselivet på Vestlandet. Det faktum at den gjeldande nasjonale reiselivsstrategien er frå 2007 og ikkje enno oppdatert, er eit argument i seg sjølv for ein eigen reiselivsstrategi på Vestlandet. Ein regional reiselivsstrategi vil på ein meir samla og sterkare måte kunne vere med å legge føringar på ein nasjonal politikk for reiselivet.

Arbeidet med ein strategi for reiselivsnæringa må forankrast grundig i kvar fylkeskommune og inkludere sentrale aktørar i reiselivsnæringa. Fylkesrådmannen vil derfor rå til at det vert etablert ei arbeidsgruppe for arbeidet med bakgrunn i næringsgruppa og som inkluderer dei som til dagleg arbeidar med reiseliv i den einskilde fylkeskommune. Det er vidare naturleg at AU blir styringsgruppe. I den grad det er trong for ekstern hjelp, må mogeleg finansiering kunne avgjerast av AU. Vestlandsrådet bør kunne få eit framlegg til reiselivsstrategi for Vestlandet til handsaming i løpet av 2012.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

---

Vestlandsrådet  
Saksbehandlar: Trond Ueland  
Arkivsaksnr.: 11/18

---